

Snart får du vatn og avløp på hytta!



Vi satser på Tuddal som hyttested!

April 2017



Kvifor avløp?

Utbygging av avløpsnett skjer av omsyn til miljøet. Både utedoer og tette septiktanker er ei utfordring for miljøet. Statlege miljøstyresmakter sette krav til avløpsnett og reinseanlegg for vidare hytteutbygging i Tuddal. Vi bygger ut avløpsanlegg og reinseanlegg for å ta vare på miljøkvalitetane i Tuddal.

Kvifor vatn?

Mange hytter i Tuddal har i dag vassforsyning frå eigen eller felles brønn med andre hytter. Med stadig fleire hytter, generelt auka bruk av hyttene og auka bruk av vatn som følgje av innlagt avløp, blei det frå hytteforeiningane (Hytteforeningenes Avløpsutvalg, 2013) uttrykt uro for at det ville bli for lite vatn i høgsesongen. Vi bygger ut vassforsyning for at du skal få godt og nok vatn når du er på hytta.

Kva har skjedd til nå?

- Reinseanlegget i Russmarken er nå utbygd for 500 hytter. Anlegget har nok kapasitet frem til 2020. Da kan neste fase av reinseanlegget bli bygd.
- Hovudleidninga for avløp er lagt frå reinseanlegg og frem til Tuddal Høyfjellshotell.
- Feltutbygging i Russmarken, Lislimarken, Lønnås, Nøtingen og Solheimsbeite vest er ferdigstilt.
- Det er lagt ned vassrør alle grøfter, slik at alt er lagt til rette for vassforsyning.

Kva vil skje framover?

Avløp

Neste etappe av hovudleidningen – frå Kovstulvatnet til Måsafjell - blir bygd sommaren 2017.

Vi held nå på med feltutbygging i Solheimsbeite Øst. Feltet vil vere ferdig utbygd i løpet av 2017. Vi starter feltutbygginga i Gvålsheia våren 2017. Feltet vil vere ferdig utbygd i løpet av året.

Vidare feltutbygging finn du på www.russmarkenva.no

Vassforsyning

Fram til september 2017 vil det bli arbeid med eit prosjekt som skal avklare kva for vasskjelde som vil bli nytta. Følgjande alternativ blir vurdert:

- Sjøvatn
- Grunnvatn frå ein brønn/brønnpark
- Grunnvatn frå desentraliserte brønnar

Det er Hjartdal kommunestyre som avgjør kva for vasskjelde som blir valt når den faglege vurderinga er klar. Fokuset vil vere på kva for løysing som er rimelegast under føresetnad at det er nok vatn med akseptabel kvalitet. Etter at vasskjelde er valt startar detaljprosjektering. Når detaljprosjekteringa er ferdig kan bygginga starte. Legging av vassrør i alle grøfter vil skje parallelt med legging av avløpsleidningane.

Når kjem det vatn og avløp til din hytte?

Oppdatert framdriftsplan for avløp finn du på www.russmarkenva.no.
Framdriftsplan for vatn kjem når prosjekteringa er ferdig.

Kven må kople seg til?

- Dei som har midlertidig utsleppsløyve for avløp i dag.
- Dei som har innlagt vatn i dag.
- Dei som skal bygge ny hytte i eit område regulert til høg standard.
- Dei som får vassleidning i nærleiken av si hytte.

Dei som har låg sanitær standard i dag, - og som framleis ønskjer det, treng ikkje å kople seg til.

Kva vil det koste?

EINGONGSUTGIFTER AVLØP:

Hytteigarar som har midlertidig utsleppsløyve eller innlagt vatn (omfatta av refusjonsordning)

Hovudleidningsnett	17.000,-	Refusjon utan mva.
Leidningsnett i hyttefelt	Frå 55.000,- til 70.000,-	Refusjon utan mva.
Reinseanlegget	27.500,-	Tilknytingsgebyr med mva. 22.000,- +25% basert på kommunen sitt gebyrregulativ
SUM	Frå 99.500,- til 114.500,-	Avhengig av kva for hyttefelt hytta ligg i

Refusjonsbeløpa blir endeleg fastsett etter revidert prosjektrekneskap for kvart felt og kan maksimalt bli auka med 15 prosent. Faktura blir sendt ut når prosjektrekneskapen er ferdig.

Hytteigarar med låg sanitær standard (ikkje omfatta av refusjonsordning)

Hovudleidningsnett	25.000,-	Tilknytingsgebyr inkl. mva.
Leidningsnett i hyttefelt	86.250,-	Tilknytingsgebyr inkl. mva.
Reinseanlegget	27.500,-	Tilknytingsgebyr inkl. mva.
SUM	138.750,-	Gjeld alle hyttefelt

Beløpa i den siste tabellen kan bli justert gjennom årlege budsjettvedtak i kommunestyret. Det er eit prinsipp av avgiftene ikkje skal endre seg for mykje frå år til år.

Eingongskostnadar for tilkopling til vatn vil bli avklart når endeleg vassforsyningsløyving er valt.

ÅRSavgIFT AVLØP

Årsgebyr avløp	2017
Abonnementsgebyr hytte	7.069,-
Forbruksgebyr (uavhengig av bruksareal – stipulert 30 m3)	825,-

Årsavgift for vatn vil bli avklart når endeleg vassforsyningsløyising er valt.

Meir detaljar om kommunen sitt gebyrregulativ finn du på www.hjartdal.kommune.no under «Skatt, avgift og betalingsattsar».

Kva må du gjøre sjølv?

Leidningsnettet blir lagt 5 meter frå hyttevegg. Du må sjølv ta initiativ til og koste leidningsnett derifrå og inn i hytta. Russmarken VA AS kan formidle kontakt mellom sin entreprenør og hytteeigar slik at arbeidet kan skje mest mogleg rasjonelt.

Slik inngår du avtale

Russmarken VA AS vil ta kontakt med deg i god tid før utbygginga i ditt hyttefelt startar. Både dei som må kople seg til og dei som kan kople seg til vil bli kontakta. Du får moglegheit til å uttale deg om grøftetrase fram til hytta.

Dersom du på eit seinare tidspunkt ønskjer å kople deg til eller at du har kjøpt hytte utan vatn og avløp i eit område som er ferdig utbygd må du ta kontakt med Russmarken VA AS sjølv.

Kven står bak utbygginga?

Utbygginga av vatn og avløp i Kovstulheia-Russmarken skjer i regi av Hjartdal kommune.

Utbyggingsselskapet Russmarken VA AS er 100 prosent eigd av Hjartdal kommune. Det er Russmarken VA AS som står for det praktiske arbeidet med utbygginga etter bestilling frå kommunen.

Etter kvart som anlegget blir bygd ut tar Hjartdal kommune over driftsansvaret.

KONTAKTINFORMASJON

Utbygging	Økonomi	Drift
Russmarken VA AS	Hjartdal kommune	Hjartdal kommune
Tlf. 35 49 98 70	Tlf. 35 02 80 00	Vaktttelefon 918 12 700
firmapost@russmarkenva.no	postmottak@hjartdal.kommune.no	
www.russmarkenva.no	www.hjartdal.kommune.no	